Eigarskapsmelding

Bjørnafjorden kommune

Del II – Oversikt over selskap og eigarskap

Ajourført og vedteken av Bjørnafjorden kommunestyre 18.06.2026,
som del av sak 50/2026 Årsmelding 2025 – 3. tertial 2025.

Innhald

1 Innleiing 3
2 Eigarposisjonar 4
3 Dei einskilde selskapa 5
3.1 Os idrettspark Bjørnafjorden KF 6
3.2 Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF 8
3.3 Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS 10
3.4 ASVO Bjørnafjorden Holding AS 12
3.5 ASVO Bjørnafjorden AS 13
3.6 Os Parkering AS 14
3.7 Dag og Tid AS 15
3.8 LL Det Norske Teatret 16
3.9 Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 17
3.10 Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS 20
3.11 Fusa Kraftlag SA 21
3.12 RadiOs SA 23
3.13 Biblioteksentralen SA 24
3.14 BIR AS 26
3.15 Vann Vest AS 28
3.16 Bergen Havn AS 29
3.17 E134 Haukelivegen AS 31
3.18 Hordalandsdiagonalen AS 33
3.19 Stavanger2Bergen AS 34
3.20 Kommunekraft AS 36
3.21 Stiftinga norsk kulturarv 38
3.22 Stiftinga Kystkultur No! 40
3.23 Stiftinga Oselvarverkstaden 42

1 Innleiing


Det er viktige verdiar både i form av økonomi og samfunnsinteresser som vert forvalta av selskap der kommunen er involvert. Frå tid til annan kjem det opp spørsmål om det er relevant å etablera eit selskap for å ta seg av ei kommunal teneste, eller det er spørsmål om kommunen skal involvera seg som formell eigar i eit selskap. I begge tilfelle er det nyttig å ha eit sett retningsliner som ein skal vurdera desse spørsmål opp mot.

Retningslinene må også kunna brukast som grunnlag når kommunen skal vurdera nytten av å delta i dei ulike selskapa. Kommunane har stor fridom i å avgjera kva styringsform dei meiner tener føremålet best.

Kommunelova § 26-1 føreset at kommunen minst ein gang kvar valperiode skal utarbeida ei eigarskapsmelding som skal vedtakast i kommunestyret.

For å legga til rette for ei tett oppfølging av eigarskapa til Bjørnafjorden kommune har vi vald å dela eigarskapsmeldinga i tre. Del I er generelle prinsipp og skal rullerast ein gang kvar valperiode, fortrinnsvis første halvår i første år av valperioden. Del II er oversikt over selskap og kva eigarskap kommunen har i desse, føremålet med eigarskapen og status i selskapa. Denne skal i utgangspunktet vera ein del av den årlege årsmeldinga til kommunen. Del III er dei selskapsspesifikke eigarstrategiane, der forventingar, eigarsignal, eventuelle avkastingskrav m.v. til dei einskilde selskapa kjem fram.

Når det gjeld kjenneteikn ved dei ulike selskapsformene viser vi til eigarmeldinga del I – Generelle prinsipp. Grad av kommunen sin påverknad og aktive styringsrett er skissert i figuren nedanfor.



Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

2 Eigarposisjonar

Bjørnafjorden kommune har eigarposisjonar i fleire selskap/føretak. Nokre er heileigde av Bjørnafjorden kommune, i andre er vi deleigarar eller deltakarar saman med andre kommunar.

Selskap	Org.nr.	Eigardel
Os idrettspark Bjørnafjorden KF	990 022 216	100%
Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF	996 347 435	100%
Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS	928 458 857	100%
Asvo Bjørnafjorden Holding AS	929 518 330	100%
Asvo Bjørnafjorden AS	959 881 855	100%
Os Parkering AS	995 613 239	100%
Dag og Tid AS	911 092 417	0,213%
LL Det Norske Teatret	921 196 164	0,04%
IKA Hordaland IKS	971 348 496	5,7%
Bergen Hamn Farvannsforvaltning IKS	922 741 972	5,0%
Fusa Kraftlag SA	858 837 162	2 lutar
RadiOs SA	976 949 595	10 aksjar
Biblioteksentralen SA	910 568 183	21 andelar
BIR AS	983 495 400	6,07%
Vann Vest AS	924 367 148	1 aksje
Bergen Havn AS	918 404 635	5,0%
E134 Haukelivegen AS	982 420 857	2,78%
Hordalandsdiagonalen AS	815 279 832	15,385%
Stavanger2Bergen AS	996 089 304	5 aksjar
Kommunekraft AS	866 818 452	0,313%
Stiftinga norsk kulturarv	968 678 086	Liten del
Stiftinga Kystkultur no!	980 898 644	Liten del
Stiftinga Oselvarverkstaden	979 676 220	medstiftar


Merk at selskapsopplysingane i det påfølgande er henta ut i tida primo februar/medio mars 2026 i denne versjonen av eigarskapsmeldinga del II. Kjelder er Brønnøysundregistrene, Proff og selskapa sine eigne heimesider. Der selskapa inngår i eit konsern er det tal frå konsernrekneskapen som i hovudsak er vist.

3 Dei einskilde selskapa

I det følgande blir dei einskilde selskapa Bjørnafjorden kommune har eigarposisjonar i lista opp med ei oversikt over:

- Kommunen sin eigardel
- Kommunen sitt føremål med eigarskapen
- Selskapsinformasjon
- Selskapet sitt føremål
- Generelt om selskapet si verksemd
- Styret/leiing
- Nøkkeltal
- Vurdering av kommunen sin eigarskap

Grad av styring er avhengig av selskapsforma og er kort skildra i figuren under.



Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

3.1 Os idrettspark Bjørnafjorden KF

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF			
Org.nr:	990 022 216	**Stiftingsdato:**	18.10.2005
Web:	osbadet.no	**Dagleg leiar:**	Torbjørg Grøtt Brattabø
Kommunen sin eigardel:	100% eigd kommunalt føretak		
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Samfunnsnyttig – folkehelse Det overordna formålet med å eiga Os Idrettspark Bjørnafjorden KF er å tilby innbyggjarane gode og inkluderande idretts- og fritidstilbod, og gjennom dette bidra til å fremja folkehelse, fellesskap og aktivitet i lokalsamfunnet.		
Selskapet sitt føremål:	Føretaket sitt formål er å driva Os Idrettspark på Kuventræ og Fjorden arena i Eikelandsosen.		
Generelt om selskapet si verksemd:	Os Idrettspark Bjørnafjorden KF er kommunen sitt selskap for drift og utvikling av Os idrettspark på Kuventræ, inkludert Osbadet, og Fjorden arena i Eikelandsosen. Os idrettspark på Kuventræ inkluderer Osbadet, idrettshallane (tre flater) med tilhøyrande garderobefasilitetar, kampsportrom, hoppegrop, klatrehall, kontorareal og resten av fasilitetane i, og i tilknyting til, bygga, kunstgrasbane med løpebaner og tilhøyrande friidrettsanlegg, kasteområde/friområde, idrettsbygg med lager, opphaldsrom, tidtakarrom og utstyr, og parkeringsanlegg ved sidan av og under Oshallane. Fjorden arena inkluderer handballflate, klatrevegg, styrkerom, to møterom, to kontor og resten av fasilitetane i bygget, samt parkeringsplass ved anlegget.		
Styre/leiing:	Styreleiar: Tord Færøy Nestleiar: Åsta Kuven Styremedlemar: Victoria Tverli Dale Merete Lunde Anders Hjelle Jermund Andre Flaskerud Trond Erik Nilsen (tilsettrepr.) Varamedlem: Martha Kristin Tuft Soltvedt Erik Vågen Joachim Olsen-Reuter Olav Endre Monstad (tilsettrepr.)		
Nøkkeltal		**2024**	**2023**
	Driftsinntekter	21 946 361	21 810 563
	Driftsresultat	-1 399 409	225 996
	Resultat før skatt		
	Årsresultat	-785 577	948 845
	Eigedelar	18 773 830	19 332 734
	Gjeld	13 419 063	12 698 314
	Utbytte	Ikkje utbyttekrav	Ikkje utbyttekrav
Revisor	Deloitte AS		

Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren rår til at drift og ansvar for dei nemnde kommunale idrettsanlegga framleis ligg til føretaket. Vidare meiner kommunedirektøren at ein skal halda fram med å ha ein særskilt eigarstrategi for Os idrettspark Bjørnafjorden KF, jf. Eigarskapsmelding del III – Føretaksspesifikk eigarstrategi for, vedteken av Bjørnafjorden kommunestyre 18. desember 2025, sak 122/2025.

3.2 Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF

Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF			
Org.nr:	996 347 435	**Stiftingsdato:**	22.02.2011
Web:	oseana.no	**Dagleg leiar:**	Ole Tobias Lindeberg
Kommunen sin eigardel:	100% eigd kommunalt føretak		
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Samfunnsnyttig – kultur		
Selskapet sitt føremål:	Driva kunst- og kultursenter i anlegg etablert på Mobergsneset, Os sentrum.		
Generelt om selskapet si verksemd:	Oseana sitt primære formål er å vera eit kunst- og kultursenter i form av eit brukshus for det lokale kulturlivet, i tillegg til å vera ein kulturell og sosial møteplass for eit breitt publikum med eit mangfald av profesjonelle kulturytringar, både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Oseana har heile Bergensregionen som sitt kjerneområde. Senteret skal vera ”eit hus for opplevingar” for unge, eldre, amatørar og profesjonelle. Samstundes skal kulturhuset bidra til å utvikla Bjørnafjorden som ein attraktiv nærings- og bustadkommune. Fordelt på 5800 kvadratmeter finn ein kunstutstilling, kultursal, restaurantlokale og lokale til kurs, konferansar, møte og selskap. Grieg Kunstsamling består av fleire hundre kunstverk, hovudsakleg av norske kunstnarar. Oseana vart etablert i samarbeid mellom offentlege og private aktørar og opna i 2011. Senteret har om lag 9,3 årsverk (2025), der to stillingar er finansierte av Grieg Foundation. I tillegg nyttar Oseana frivillige og innleigd teknisk personell ved større produksjonar.		
Styre/leiing:	Styreleiar: Nestleiar: Styremedlemar: Varamedlem: 		Daniel Skotheim Anita Nysæther Kristiansen Henrik Johannes Askvik Ruth Elin Andersen Midtbø Kenneth Smørdal Henriette Tverli Dale Anne Kristine Tøsdal (tilsettrepr.) Terje Raunsgard Kjetil Osablod Grøvigh Anna Parnefält Størksen Jørgen Larsson (tilsettrepr.)

Nøkkeltal		**2024**	**2023**
	Driftsinntekter	18 624 421	17 759 389
	Driftsresultat	-2 313 639	-3 180 405
	Resultat før skatt		
	Årsresultat	-1 590 858	-2 561 848
	Eigedelar	21 906 535	22 537 063
	Gjeld	14 466 121	13 161 065

Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

	Utbytte	Ikkje utbyttekrav	Ikkje utbyttekrav
Revisor	Deloitte AS		
Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren rår til at drift og ansvar for Oseana Kunst- og kultursenter framleis ligg til føretaket. Vidare meiner kommunedirektøren at ein skal halda fram med å ha ein særskilt eigarstrategi for Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden K, jf. Eigarskapsmelding del III – Føretaksspesifikk eigarstrategi for Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF, vedteken av Bjørnafjorden kommunestyre 19. februar 2026, sak 13/2026.		

3.3 Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS

Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS			
Org.nr:	928 458 857	**Stiftingsdato:**	04.11.2021
Web:	busas.no	**Dagleg leiar:**	Alf Sognefest
Kommunen sin eigardel:	100% kommunalt eigd aksjeselskap		
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Finansiell og samfunnsnyttig		
Selskapet sitt føremål:	Bidra til vekst og verdiskaping gjennom eigedomsutvikling. Målsettinga for selskapet er gjennom areal og eigedomsutvikling å utvikle framtidsretta og berekraftige løysinger for lokal, regional og nasjonal verksemder, herunder å eige og forvalte, heilt eller delvis, eigedomsmasse. Selskapet skal forestå utvikling, utbygging og sal av industri- og forretningsområder i Bjørnafjorden kommune. Selskapet kan også bebygge områder for sal eller utleige, og delta i andre utbyggingsprosjekt eller selskap saman med andre interessentar.		
Generelt om selskapet si verksemd:	Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (BUS) er eit heileigd kommunalt aksjeselskap etablert i 2021. Selskapet skal bidra til vekst og verdiskaping i Bjørnafjorden gjennom areal- og eigedomsutvikling, og arbeider med å utvikle framtidsretta og berekraftige løysingar for lokal, regional og nasjonal verksemd. Selskapet har ansvar for utvikling, utbygging og sal av industri- og næringsområde i kommunen, og kan òg utvikle eigedom for sal eller utleige. Vidare kan selskapet delta i andre utbyggingsprosjekt eller samarbeid med eksterne aktørar når dette støttar formålet. BUS er for tida aktivt involvert i utviklinga av Samnøy industriområde og Lyseparken, og fungerer som kommunen sitt verktøy for profesjonell eigedoms- og næringsutvikling i desse områda. Lyseparken ligg langs E39 mellom Bergen og Osøyro og er om lag 700 daa, kor 500 daa er godkjent regulert som byggeområde. Samnøy Industriområde ligg på Bogøya nordaust i Bjørnafjorden kommune og omfattar eit industriområde på om lag 260 daa. Området ligg til sjø og det er etablert ei 70 m lang djupvasskai/tømmerkai.		
Styre/leiing:	Styreleiar: Styremedlemar: Varamedlem:	Dag Jarle Aksnes Silje Glesnes Rune Birkeland Hilde Sælen Glenn Hovland Cathrine Elisabeth Smith Fredrik Wagner-Larsen Ketil Tømmernes	
Nøkkeltal		**2024**	**2023**

Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

	Driftsinntekter	34 055 782	7 587 013
	Driftsresultat	23 263 362	-6 707 156
	Resultat før skatt	18 845 052	-7 201 782
	Årsresultat	18 845 052	-6 503 249
	Eigedelar	113 627 705	75 212 872
	Gjeld	74 460 656	54 341 213
	Utbytte	0	0
Revisor	BDO AS		
Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren meiner det er riktig å framleis satsa på Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS. Det er vidare ei forventning om at investeringa i BUS skal gje økonomisk avkasting/utbyte frå 2026. Vidare meiner kommunedirektøren at ein skal halda fram med å ha ein særskilt eigarstrategi for Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS, jf. Eigarskapsmelding del III – Selskapsspesifikk eigarstrategi for Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS, vedteken av Bjørnafjorden kommunestyre 13. februar 2025, sak 07/2025.		

3.4 ASVO Bjørnafjorden Holding AS

ASVO Bjørnafjorden Holding AS				
Org.nr:	929 518 330	**Stiftingsdato:**	23.06.2022	
Web:	asvoen.no	**Kontaktperson:**	Kristian Nygaard	
Kommunen sin eigardel:	100% kommunalt eigd aksjeselskap			
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Samfunnsnyttig			
Selskapet sitt føremål:	Aksje- og investeringsvirksomhet i andre selskaper, og alt som har sammenheng med dette.			
Generelt om selskapet si verksemd:	Asvo Bjørnafjorden Holding AS eig 100% av Industrivegen AS. Industrivegen AS er driftselskapet som eig og driftar bygningen ASVO Bjørnafjorden AS og store delar av kommunen sin tekniske etat held hus i. Selskapet er eit reint holdingselskap og blei oppretta for å ha eit tydelegare skilje mellom eigedomsforvaltninga og tenesteproduksjonen i ASVO Bjørnafjorden-konsernet.			
Styre/leiing:	Styreleiar: Kåre Lutro Styremedlemar: Kristian Nygaard			
Nøkkeltal		**2024**	**2023**	
	Driftsinntekter	-	-	
	Driftsresultat	-33 464	-77 420	
	Resultat før skatt	-31 773	149 417	
	Årsresultat	-31 773	149 417	
	Eigedelar	29 034 121	29 108 996	
	Gjeld	581	43 683	
	Utbytte	0	0	
Revisor	Bergen Revisjon AS			
Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren meiner at kommunen skal halda fram som eigar av ASVO Bjørnafjorden Holding AS.			

3.5 ASVO Bjørnafjorden AS

ASVO Bjørnafjorden AS				
Org.nr:	959 881 855	**Stiftingsdato:**	16.10.1990	
Web:	asvoen.no	**Dagleg leiar:**	Kristian Nygaard	
Kommunen sin eigardel:	100% kommunalt eigd aksjeselskap			
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Samfunnsnyttig – Legge til rette for tilrettelagte arbeidsplassar			
Selskapet sitt føremål:	Gjennom fabrikasjon og anna verksemd å skape varige arbeidsplassar for yrkeshemma.			
Generelt om selskapet si verksemd:	Asvo Bjørnafjorden driv med tilrettelagt arbeid innanfor tiltaka Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA) og Arbeidsforberedande trening (AFT). Asvoen tilbyr også arbeidsevnekartlegging. Til dagleg kan bedrifta ha omtrent 90 personar i arbeid, og tilbyr arbeid innan tre/snekker-arbeid, overflatebehandling, pakking, montering, kantine, kafé og diverse industriproduksjon. Dei jobbar tett med det lokale næringslivet i Bjørnafjorden, men også bedrifter nasjonalt og internasjonalt. I dag er dei omlag 24 ordinært tilsette, og har 57 VTA-plassar, 12 AFT-plassar, i tillegg til 5 kommunale plassar og 4 plassar gjennom psykiatritenesta. Dei har eit varierande tal elevplassar gjennom fylkeskommunen og er ei godkjend lærebedrift.			
Styre/leiing:	Styreleiar: Kåre Lutro Styremedlemar: Inger Berit Bøyum Fredrik Seliussen Tor Andreas Folke Bergencreutz Teige Kristian Andersen (tilsettrepr.) Varamedlem: Jostein Gangstø Stein Ove Gjestad Synnøve Reksten Mowinchel			
Nøkkeltal		**2024**	**2023**	
	Driftsinntekter	32 521 856	14 110 107	
	Driftsresultat	2 743 600	9 960 120	
	Resultat før skatt	3 620 552	4 517 236	
	Årsresultat	3 620 552	4 517 236	
	Eigedelar	44 581 444	40 237 975	
	Gjeld	9 223 280	8 500 363	
	Utbytte	0	0	
Revisor	Bergen Revisjon AS			
Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren meiner at kommunen skal halda fram som eigar av ASVO Bjørnafjorden AS. Vidare meiner kommunedirektøren at ein skal halda fram med å ha ein særskilt eigarstrategi for Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS, jf. Eigarskapsmelding del III – Selskapsspesifikk eigarstrategi for ASVO Bjørnafjorden AS, vedteken av Bjørnafjorden kommunestyre 13. februar 2025, sak 06/2025.			

Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

3.6 Os Parkering AS

Os Parkering AS				
Org.nr:	995 613 239	**Stiftingsdato:**	22.05.2010	
Web:		**Kontaktperson:**	Gustav Bahus	
Kommunen sin eigardel:	100% kommunalt eigd aksjeselskap			
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Finansiellt/samfunnsnyttig – sovande selskap til evnt bruk ved etablering av eit eller fleire større parkeringsanlegg i kommunen.			
Selskapet sitt føremål:	Kjøpe, eie, forvalte, drifte og/eller selge parkeringsanlegg, samt all annen naturlig tilhørende virksomhet.			
Generelt om selskapet si verksemd:	Selskapet er sovande			
Styre/leiing:	Styreleiar: Gustav Bahus Styremedlemar: Tor Inge Døsen Sigurd Petter Laugen			
Nøkkeltal		**2022**	**2021**	
	Driftsinntekter	0	0	
	Driftsresultat	-32 257	-310 198	
	Resultat før skatt	-29 496	-28 373	
	Årsresultat	-29 496	-28 373	
	Eigedelar	1 085 839	1 115 334	
	Gjeld	10 750	10 750	
	Utbytte	0	0	
Revisor	KPMG AS			
Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren vurderer at kommunen kan behalda selskapet som sovande i si portefølje. Ved eventuell aktivitet i selskapet bør det utarbeidast og vedtakast ein selskapsspesifikk eigarstrategi for Os Parkering AS.			

3.7 Dag og Tid AS

Dag og Tid AS				
Org.nr:	911 092 417	**Stiftingsdato:**	18.04.1964	
Web:	dagogtid.no	**Dagleg leiar:**	Svein Gjerdåker	
Kommunen sin eigardel:	0.213% av aksjane			
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Samfunnsnyttig – bidra til å oppretthalde det nynorsk skriftspråket			
Selskapet sitt føremål:	Å gje ut ei partipolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne drive handel og eige eller på annen måte ta del i andre forretningstiltak.			
Generelt om selskapet si verksemd:	Dag og Tid er ei uavhengig nynorsk vekeavis som dekkjer politikk, samfunn, kultur og internasjonale forhold. Avisa har ein profil prega av grundig bakgrunnsjournalistikk, kommentarstoff og kulturkritikk, og er kjend for lange, analytiske artiklar og høg språkleg kvalitet. Ho blir gjeven ut kvar fredag, og har dei siste åra hatt aukande opplag og sterke brukarinntekter. Avisa har rundt 10 redaksjonelle årsverk, og er den einaste riksdekkande avisa på nynorsk. Dag og Tid er har ingen kommersielle eigarar og betalar ikkje utbyte til aksjonærane. Eigarskapen er fordelt på omlag 900 småeigarar og er partipolitisk ubunden.. Avisa har eit opplag på om lag 15 000.			
Styre/leiing:	Styreleiar: Åshild Mathisen Styremedlemar: Arild Finne Nybø Grethe Oddveig Gynnild Johnsen Christian Wendelboe Samuelsen Audun Skjervøy Sofie May Rånes (tilsettrepr.)			
Nøkkeltal		**2024**	**2023**	
	Driftsinntekter	47 315 830	42 563 347	
	Driftsresultat	291 010	103 948	
	Resultat før skatt	1 249 777	830 684	
	Årsresultat	944 554	632 495	
	Eigedelar	24 569 223	21 749 018	
	Gjeld	15 957 112	14 230 962	
	Utbytte	0	0	
Revisor	Vekst revisjon AS			
Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren har ikkje ei sterk meining om eigarskapen, men ser det som eit poeng at Bjørnafjorden kommune, som ein stor nynorsk-kommune, støttar opp om ei nynorsk-avis.			

Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

3.8 LL Det Norske Teatret

LL Det Norske Teatret				
Org.nr:	921 198 164	**Stiftingsdato:**	22.11.1912	
Web:	detnorsketeatret.no	**Dagleg leiar:**	Kjersti Horn	
Kommunen sin eigardel:	0.04% av lutene			
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Samfunnsnyttig – bidra til å oppretthalde det nynorsk språket			
Selskapet sitt føremål:	Å syna fram skodespel på norskt mål i bygd og by.			
Generelt om selskapet si verksemd:	Det Norske Teatret er Noregs einaste store teater som spelar dramatikk på nynorsk og norske dialektar. Sidan etableringa i 1912 har føremålet vore å «syna fram skodespel på norskt mål i bygd og by» og å vere ein berebjelke i nynorskrørsla, samtidig som teateret har utvikla seg til eit kunstnarleg kraftsentrum i hovudstaden. Teateret har som visjon å vere landets viktigaste teater. Med nynorsk som scenespråk og eit breitt, samfunnsengasjert repertoar skal det utvikle nye uttrykk og nå eit stort og mangfaldig publikum. Nynorsk er teateret sitt viktigaste særmerke, og både nynorsk og dialektar skal brukast naturleg og ledig på scenen. Det Norske Teatret blei starta som ein arena for språkleg og kunstnarleg fridom, og denne tradisjonen skal førast vidare. Hovudsetet ligg i Kristian IVs gate 8 i Oslo, med fleire scener og eit variert repertoar. Teateret er særleg kjent for nytenking, store musikalske produksjonar og eit tydeleg samfunnsengasjement.			
Styre/leiing:	Styreleiar: Styremedlemar:	Hilde Johanne Barstad Magni Hjertenes Flyum Åshild Mjelde Nordås (tilsettrepr.) Loveleen Rihel Brenna Martin Alexander Korsvik Revheim Geir Sundberg Kvarme (tilsettrepr.) Erik Bolstad (tilsettrepr.)		
Nøkkeltal		**2024**	**2023**	
	Driftsinntekter	288 596 000	274 678 000	
	Driftsresultat	12 648 000	-20 898 000	
	Resultat før skatt	12 620 000	-21 249 000	
	Årsresultat	11 513 000	-22 175 000	
	Eigedelar	128 800 000	122 787 000	
	Gjeld	96 983 000	125 883 000	
	Utbytte	0	0	
Revisor	TELL NORGE AS			
Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren har ikkje ei sterk meining om eigarskapen, men ser det som eit poeng at Bjørnafjorden kommune, som ein stor nynorsk-kommune, støttar opp om eit nynorsk teater.			

Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

3.9 Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS			
Org.nr:	971 348 496	**Stiftingsdato:**	22.05.2002
Web:	ikah.no	**Dagleg leiar:**	Rune Lothe
Kommunen sin eigardel:	5,7% - Deltakar med delt ansvar		
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Samfunnsnyttig		
Selskapet sitt føremål:	1. Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forsking og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6. 2. Selskapet skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet: ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv, utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane, lokale kurs om arkivfaglege emne, tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv, rettleiing om arkivfaglege spørsmål, rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv. Selskapet skal drive fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatte. 3. Selskapet kan etter avtale med den einskilde deltakaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jfr. forskrift om offentlege arkiv, jf. forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 - 5-6. Avtale om arkivdepot skal ha ei oppseiingstid på eitt år. Depotfunksjonen skal finansierast av ei særskilt deponeringsavgift etter satsar vedtekne av representantskapet. 4. Selskapet kan ut over det som er fastsett i nr. I og 2 ovanfor, tilby tenester som deltakarane skal betale for, etter satsar vedtekne av styret. Dette skal vere tenester som deltakarane har ulik etterspurnad etter, eller som ikkje blir gitt til alle deltakarar. 5. Selskapet kan etter vedtak i styret gjennomføre spesielle prosjekt som ligg utanfor arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver, når desse er fullfinansierte av deltakarar eller andre som samarbeider om prosjektet. 6. Selskapet kan etter vedtak i styret ta på seg konsulentoppdrag for utanforståande, når oppdragsgivar betalar for tenesta og den ikkje går ut over arkivet sine		

Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

	hovudoppgåver. Definisjonen av føremål og oppgåver er uttømmande. Representantskap og styre har ikkje fullmakt til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.hovudoppgåver. Definisjonen av føremål og oppgåver er uttømmande. Representantskap og styre har ikkje fullmakt til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.
Generelt om selskapet si verksemd:	Interkommunalt arkiv i Hordaland er eit sentralt arkivdepot og rådgjevingsteneste for 24 av 25 kommunar i tidlegare Hordaland. Dei tek vare på papir- og elektroniske arkiv frå alle kommunale sektorar frå 1837 til i dag. Samarbeidet vart skipa i 1987 og i 2000 gjort om til eit interkommunalt selskap. Eigarkommunane betaler årleg inn tilskot til drifta basert på folketal. Selskapet sitt øvste organ er representantskapet der alle eigarkommunane er representert. Dei vel eit styre som forvaltar selskapet og er ansvarleg for at dette vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen og retningsliner vedteke av representantskapet. Dagleg leiar har ansvar for den daglige drifta av selskapet. Kvar eigarkommune er tildelt ein rådgjevar som fungerer som kontaktperson mellom IKA Hordaland og kommunen. Kommunekontakten har mellom anna ansvar for å: - Gje fagleg rådgjeving innan arkivlova med forskriftene og anna lovverk som regulerer dokumentasjonsforvalting. - Utarbeide analyser og kartlegging av arkiv i kommunen. - Hjelpe med utarbeiding av rutinar for dokumentasjonsplan, internkontroll og arkivdanning. - Hjelpe med deponering av både papirarkiv og elektroniske arkiv. - Halde oversyn over arkivbestanden kommunen har hjå IKA Hordaland. - Halde kurs for administrasjon og forvalting om arkivfaglege emne. - Delta i arkivfaglege prosjekt i kommunen.
Styre/leiing:	Styreleiar: Birte Marie Rine Young Nestleiar: Rune Heradstveit Styremedlemar: Sigrid Laupsa Jarle Peder Nakken Elisabeth Rebnord Fosse Skråmestø (tilsettrepr.)

Nøkkeltal

	2024	**2023**
Driftsinntekter	18 984 800	17 912 071
Driftsresultat	-910 250	-173 327
Resultat før skatt	-726 765	-167 977
Årsresultat	-726 765	-167 977
Eigedelar	19 317 960	17 697 483
Gjeld	9 340 040	6 992 797
Utbytte	0	0

Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

Revisor	Vestlandsrevisjon IKS
Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren meiner det er fornuftig å halde fram som deltakar i IKAH IKS.

3.10 Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS

Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS			
Org.nr:	922 741 972	**Stiftingsdato:**	12.04.2019
Web:	bergenhavn.no	**Dagleg leiar:**	Michael Forland
Kommunen sin eigardel:	5,0% - Deltakar med delt ansvar		
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Samfunnsnyttig – myndigheitsutøving på vegner av kommunen		
Selskapet sitt føremål:	Selskapet skal på grunnlag av delegasjon fra deltakerkommunene ivareta og samordne de lovpålagte oppgavene, og utøve kommunenes myndighet etter havne- og farvannsloven og bestemmelser gitt i medhold av denne.		
Generelt om selskapet si verksemd:	Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS er eit interkommunalt selskap etablert i 2019 for å ivareta kommunane sine lovpålagte oppgåver etter havne- og farvannsloven. Det betyr at selskapet: • Samordnar og utøver myndigheit som kommunane har over farvatn, inkludert sikkerheit, ferdsel, regulering, og navigasjonsinteresser. • Har ansvaret for forvaltning og kontroll med sjørommet, inkludert tiltak for trygg og effektiv bruk av farvatna. • Opererer som ein del av den samla Bergen Havn-strukturen, som skal leggje til rette for effektiv og miljøvennleg sjøtransport, og utvikle attraktive og funksjonelle hamnetenester regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Selskapet er eigd av fleire kommunar i regionen og fungerer som eit av to selskap som avløyste tidlegare Bergen og Omland Havnevesen. Det er ein rein myndigheitsutøvar på farvannssida og har ingen kommersiell drift		
Styre/leiing:	Styreleiar: Roger Valhammer Nestleiar: Asbjørn Otto Algrøy Styremedlemar: Astrid Aarhus Byrknes Roald Stenseide Hilde Drønen Renate Friele Hjortland		
Nøkkeltal		**2024**	**2023**
	Driftsinntekter	9 399 843	11 035 989
	Driftsresultat	-322 562	766 521
	Resultat før skatt	-794 925	443 195
	Årsresultat	-794 925	443 195
	Eigedelar	17 342 798	18 876 789
	Gjeld	7 652 830	8 391 897
	Utbytte	0	0
Revisor	BDO AS		
Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren vurderer at det er hensiktsmessig å halde fram som deltakar i Bergen havn Farvannsforvaltning IKS då kommunen sjølv ikkje har naudsynt kompetanse og menneskelege ressursar til ivareta kommunane sine lovpålagte oppgåver etter hamne- og farvannslova.		

3.11 Fusa Kraftlag SA

Fusa Kraftlag SA			
Org.nr:	858 837 162	**Stiftingsdato:**	23.03.1946
Web:	fusa-kraftlag.no	**Dagleg leiar:**	Tove Hjartnes Fosså
Kommunen sin eigardel:	2 lutar		
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Samfunnsnyttig/finansiell		
Selskapet sitt føremål:	Syta for elektrisk kraftforsyning innan Fusa herad. For å fremja dette føremålet kan laget saman med andre lag skipa kraftlag med hovedføremål å overta og byggja ut kraftkjelder, kraftstasjonar og leidningsnett, for å forsyna tilslutta kraftlag med el.kraft.		

Generelt om selskapet si verksemd:	Fusa Kraftlag SA blei 1.1.2020 omdanna til eit konsern. Drifta av straumnettet ligg i Lysna AS, medan straumsal og fiber blir levert av Strøyma AS.
	
	Lysna AS har områdekonsesjon for å byggje og drive forsyningsanlegg med spenning opp til 22 kV i delar av Bjørnafjorden kommune, tidlegare Fusa kommune. Strøyma AS eig og driftar fibernett i same geografiske område. Strøyma AS har også omsetningskonsesjon for sal av elektrisk energi, denne konsesjonen er ikkje geografisk avgrensa og verksemda tilbyr straumtenester til alle, med spesielt fokus på Bjørnafjorden kommune og områda rundt.
	
	Fusa Kraftlag SA er eit ålmennyttig samvirkelag med skiftande medlemstal og kapital.
	
	Føremålet til selskapet, slik det går fram av vedtektene:
	• Å fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i konsesjonsområde
	• Dette skal oppnåast gjennom;
	  • Å eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning
	  • Å omsetje elektrisk energi
	  • Å produsere energi, eller delta som eigar i produksjonsanlegg
	  • Å byggja og driva breibandsnett
	  • Å forvalta kapitalfondet slik at det gjer ei langsiktig stabil inntekt
	  • Å driva, yte midlar til, eller eiga anna verksemd med naturleg tilknyting til føremålet
	  • Å delta aktivt i tiltak med ålmennyttig føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde
	
	Fusa Kraftlag SA, saman med Lysna AS og Strøyma AS oppfyller samla føremålet i vedtektene til Fusa Kraftlag SA.		

Styre/leiing:	Styreleiar: Styremedlemar:	Ranveig Næss Kathrine Kvamme Tveitnes Erling Syvertsen Stig Tveit Henriette Tverli Dale (tilsettrepr.)	

Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

Nøkkeltal		**2024**	**2023**
	Driftsinntekter	10 406 030	7 517 102
	Driftsresultat	381 026	-180 338
	Resultat før skatt	20 086 482	15 012 504
	Årsresultat	19 874 312	14 228 510
	Eigedelar	402 954 459	372 712 044
	Gjeld	129 239 240	115 872 337
	Utbytte	0	0
Revisor	Deloitte AS		
Vurdering av kommunen sin eigarskap	Kommunedirektøren vurderer det som fornuftig å framleis ha eigarluter i Fusa Kraftlag SA og at samvirkeføretaket er ein viktig lokal bidragsytar og beredskapsorgan.		

Dokumentet er sist oppdatert februar/mars 2026 som del av årsmeldinga for 2025.

3.12 RadiOs SA

RadiOs SA				
Org.nr:	976 949 595	**Stiftingsdato:**	30.10.1996	
Web:	radios.no	**Dagleg leiar:**	Lasse Hallem Lepsøe	
Kommunen sin eigardel:	10 aksjar			
Kommunen sitt føremål for eigarskapen:	Samfunnsnyttig			
Selskapet sitt føremål:	Å driva nærradio i tildelt konsesjonsområde.			
Generelt om selskapet si verksemd:	RadiOs SA blei stifta i 1996 og har base på Osøyro. Verksemda driv radiokringkasting både som tradisjonell FM-radio og som nett-radio, og har vore lokalradio for Bjørnafjorden og nærliggande kommunar sidan første sending i 1989. Radioen har som oppgåve å vere lokalsamfunnets stemme, og tilbyr eit breitt spekter av program, inkludert musikk, lokalstoff, nyhende og samfunnsretta sendingar. RadiOs har tidlegare hatt ei rolle som beredskapsradio for kommunen. Ein viktig del av aktiviteten er radiobingoen, som både skaper inntekter og fungerer som eit sosialt samlingspunkt i lokalsamfunnet. RadiOs har vore ein stabil aktør i lokal kulturformidling gjennom fleire tiår, og samvirkemodellen gjer at verksemda er eigd av medlemane og driven etter ikkje-kommersielle prinsipp.			
Styre/leiing:	Styreleiar: Magnar Moberg Nestleiar: Lasse Hallem Lepsøe Styremedlemar: Kenneth Andreas Normann Varamedlem: Jan Petter Svendal Olav Valle			
Nøkkeltal		**2024**	**2023**	
	Driftsinntekter	531 318	413 411	
	Driftsresultat	40 018	13 137	
	Resultat før skatt	40 794	13 819	
	Årsresultat	40 794	13 819	
	Eigedelar	45 953	12 207	
	Gjeld	0	7 825	
	Utbytte	0	0	
Revisor				
